I

Emne nr. 7. Skav.

Oppskr. av: Sivert Midtli, Soknedal Sør-Trøndelag

Svar

1. Noko samnamn for desse forslaga er ikkje kjent.

2. Ukjent.

3. Etter det eg finn ut, må ordet skava (skåvå) vore brûka likeins i alle bøyingstider

4. a Det har vore kalla skav, og det har vore nytta til krøterfôr ein god del før i tida.

b Nei, ein kan ikkje seia at det har vore ~~det~~ nokon av delane. Det har berre vore skava i dei høva at det har vore framkøyrt rå ved (råve) frå skogen. Desse råvedskûne har så vorte avskava. Skavet vart så koka til lâe (koka i vatn til barkelâe) som ein så gav krøtera, men some gav og skavet direkte.

5. a Rogn, osp og bjørk var nytta.

b Det har vore skava av alle lautre.

c Furu vart nytta til sauen, helst dei grøvste kvistane, det har vore kalla „gnav" ell gnag.

d Rogn.

6. Ukjent.

7. Ukjent.

8. a Ja, ikkje hest.

b Mest om våren og vinteren

9921

4.50

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

c Skaved vart koka i vatn til laue, i some höve saman med höyfrö.

d Skav av older har så („vidt vites") vidt eg veit ikkje vore nytta til kui, men til sau.

9 a–b Det har vore halde for at det skulle verta feitare mjölk og gulare smör.

c Ukjent.

10. Nei, det vart skava berre av den veden ein trong i huset og av furukvist (-skat)

11. Ukjent

12. Slik råved vart ofte kalla skavved.

13. Ukjent.

14. a Det var mest berre på vinterföret at det vart framköyrt ved.

b–c Ukjent.

15. Det var etter som veret var, var det kaldt var dei inne i stova elles var dei i vedskjulet og skava.

16. Det vart nytta tollekniv, i some höve kan henda bandkniv. Bandknivane var jamntjukke og jamnbreie ca. 40 cm langa, med handtak på båe endar.

17. Det er ikkje kjent at dei skava av anna enn av vedskiene for det meste, og da trong dei vel ingen serleg innretning og setta fast i. Og furuskatet gnog sauene sjöl av.

18. Alle desse innretningane er ukjent her, det vart nytta tollekniv.

19. Skavskia vart halde i ei hand og tollekniven i den andre. Skavskiene av björk la dei som oftast inn i varmen for at neva skulle lösna av, og for å få borken meir mör.

9921

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

Emne nr. 7 Skav

Oppskr. av: Sivert Mølstu Soknedal Sör-Tröndelag.

20. Det vart kalla skavved ell. skavskiver.
21. a Borken vart kalla skav.
 b Ukjent.
22. a Det vart skave av store tre
 b Skiene var truleg litt lengre enn vanleg, for å halda dei betre. Elles vart og större björkekubbar (gyrkeskubbar) avskave.
23. Ukjent
24. a Det skulle vera berre tunne skiver av borken, og ikkje noko av veden
 b Ukjent.
25. Den vart nytta som, og til det same som den andre veden.
26. a Nei, skav er no ikkje lenger nytta til krötterfôr
 b Det vart slutta omkring hundreårsskiftet. Men bruken av turrkvist (gnav) til saume er framleis i bruk

Merknad: Skav av osp vart bruka for å reinska krötterna for mark og ymse innvollsnyltarar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9921